



Saksbehandlar: Arvid Stenehjem, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 16/52-16

## **LAMU årsrapportar 2015 - samla oversikt til handsaming i hovudsamarbeidsutvalet**

**Fylkesrådmannen rår hovudsamarbeidsutvalet gjere slikt vedtak:**

- 1) Hovudsamarbeidsutvalet tek rapporteringa til vitande
- 2) Hovudsamarbeidsutvalet ber Frm-personal/HMT skriftleg følgje opp dei avvik som har komme fram i rapporteringa.
- 3) Einingar som vil lukke avvik eller utvikle sitt systematiske helse-, miljø- og tryggleiksarbeid kan kjøpe bistand frå Stamina Helse AS i samråd med Frm-personal.
- 4) Hovudsamarbeidsutvalet ber Frm-personal tilby opplæring/rettleiing i bruk av utviklingssamtalen til dei einingane som ber om dette.

**Vedlegg:**

- a) Oversendingsbrev/bestillar brev til einingane (SAK 16/52-1)
- b) MAL for årsrapporten 2015
- c) Rekneark – matrise som samla gir oversikt over svar frå alle LAMU
- d) Samlerapport over LAMU-rapportane utarbeida av vår leverandør av bedriftshelsetenester; Stamina Helse AS

**Andre dokument som ikkje ligg ved:**

- I) Alle 16 LAMU sine einskildrapportar

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Samandrag**

Alle fylkeskommunale arbeidsmiljøutval (LAMU) leverer årleg rapport over sine aktivitetar. Rapportane vert vidare handsama i hovudsamarbeidsutvalet som der trekk slutningar om vidare utviklingsarbeid der eininga har avvik i forhold til krav i lov, forskrifter og lokale standardar.

## **2. Bakgrunn for saka**

Det er arbeidsgjevar som har ansvaret for helse, miljø og tryggleik. Kravet til årsrapport fra arbeidsmiljøutvala (LAMU) har heimel i [AML §7-2, punkt 6](#). Formålet med rapporten er å dokumentere aktiviteten og standaren i arbeidsmiljørarbeidet. Arbeidsgjevaren har plikt til å utvikle og setje ut i livet systematiske tiltak for å unngå skadar, ulukker og yrkessjukdom.

## **3. Oppsummering av årsrapportar frå LAMU for 2016**

Det er motteke 16 årsrapportar. Snittet for tal på møte i LAMU er på fire, og det varierer mellom ingen møte til åtte møter i året. 15 eininger har hatt bistand frå Stamina Helse og 13 frå Frm-personal/HMT.

I fire eininger er det rapportert om tilfelle av utilbørleg oppførsel/trakassering/diskriminering. Fem eininger har utfordringar relatert til det psykososiale arbeidsmiljøet, og fem eininger har konfliktar som uroar i arbeidsmiljøet. 11 eininger har utfordringar relatert til det fysiske arbeidsmiljøet og 11 av einingane har rapportert om feil/manglar som ein ikkje kan ordne sjølv

Sjukefråværet er varierande der nokre eininger skil seg ut. Åtte eininger har sjukefråvær på 5 % og oppover, og fire eininger har over seks % gjennomsnittleg fråvær gjennom året. Alle følgjer opp sjukefråvær, og i dei sakene det har vore arbeidsrelatert sjukefråvær (fem eininger), har dette vore fylgt opp.

16 eininger rapporterer at internkontrollsystemet er tilfredstillande. 12 eininger reviderer internkontrollhandboka. 15 eininger har gjennomført kartlegging/vernerunde, og 11 av desse har fylgt opp med handlingsplan i etterkant.

I vedlegget finn du oppsummering av rapportane frå dei ulike lokale arbeidsmiljøutvala.

## **4. Konklusjon**

LAMU sin årlege aktivitets- og status rapport vert med dette forankra i hovudsamarbeidsutvalet. Frm-personal gir ei forpliktande tilbakemelding med tilbod om bistand for å lukke avvik eller utvikle arbeidsmiljøet der eininga/LAMU har identifisert slike behov. Dette er ein viktig del av fylkeskommunen sitt systematiske helse-, miljø- og tryggleiksarbeid.